

# Notat

**Til:** Kunnskapsdepartementet  
**Fra:** Unit v/ Samordna opptak  
**Kopi:**  
**Dato:** 29.06.2021

---

## Høyringsnotat - forskrift om endringer i forskrift om opptak til høgare utdanning

### INNLEIING

Forslaga om endringer i forskrifta omfattar:

Kap. 2 Generell studiekompetanse

Kap. 3 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse

Kap. 4 Spesielle opptakskrav

Kap. 5 Opptak på visse vilkår

Kap. 7 Rangering

Kap. 9 Overgangsreglar

Kunnskapsdepartementet har motteke forslag om endringer i opptaksforskrifta frå ti verksemder eller organisasjonar i 2021. Fleire av forslaga er omtalte i dette høyringsnotatet. Mindre, tekniske endringer, som endringer i namn på studium og andre språklege endringer, blir ikkje sende på høyring, av di det ikkje er naudsynt, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd, bokstav c.

Unit legg til grunn at endringer som ikkje påverkar val av fag som elevane gjer i vidaregåande opplæring, kan få verknad frå og med opptak til studieåret 2021-2022. Om eit forslag skal få verknad frå eit anna studieår, er dette nemnt under desse forslaga.

Forslaga som blir sendt på høyring gjeld mellom anna forslag om endringer i kapittel fire om spesielle opptakskrav. Det er også foreslått endringer i kapittel sju om rangering av søkjarar til opptak. Dette er hovudsakleg berre ei presisering av gjeldande rett.

## KAPITTEL 2. GENERELL STUDIEKOMPETANSE

### § 2-2. Utanlandsk utdanning

#### *Gjeldande rett*

Søkjarar med utdanningsbakgrunn utanfor Norden skal fylle krava til generell studiekompetanse slik det går fram av opptakforskrifta § 2-2 andre ledd. Denne føresegna regulerer mellom anna korleis desse søkjarane skal dokumentere kravet til norsk. Frå og med opptaket 2020-2021 vart § 2-2 nr. 4 endra ved at det var innført krav om munnleg test i norsk. For søkjarar som har teke munnleg test i norsk før 2009 vil 500 poeng på munnleg test fylle kravet.

#### *Forslag frå Unit*

Ved ein feil vart det spelt inn at kravet skulle vere 450 poeng på munnleg test. Dette er kravet som gjeld for skriftleg test, men for munnleg test er kravet 500 poeng. Det er også dette kravet som heile tida har vore kommunisert på nettsidene til Samordna opptak.

Vidare er ordninga med poeng på testane frå før hausten 2009. Unit meiner difor at det ikkje er naudsynt at poeng går fram av forskrifta. Det er over ti år sidan søkjarane fekk poeng på desse testane, og Unit meiner at forskrifta i størst mogleg grad bør regulere gjeldande ordningar, og at tidlegare ordningar kan gå fram av anten § 9-1 eller av merknadane. Unit foreslår difor å fjerne visninga til ordninga frå før 2009 frå føresegna § 2-2 og heller flytta den til § 9-1.

## KAPITTEL 3. UNNTAK FRÅ KRAVET OM GENERELL STUDIEKOMPETANSE

### § 3-4. Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte arkitekturfag og tekniske fag

#### *Gjeldande rett*

Etter § 2-4 i opptakforskrifta har søkjarar som har fullført 2-årig fagskuleutdanning generell studiekompetanse. Det følgjer vidare av § 3-4 bokstav b) at det er unntak frå kravet om generell studiekompetanse for søkjarar til arkitektutdanning ved NTNU for søkjarar som har bestått nyare godkjend 2-årig fagskuleutdanning i tekniske fag eller 2-årig fagskuleutdanning etter studieordningar før rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999.

At 2-årig fagskuleutdanning etter studieordningar før rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 gjev unntak frå kravet om generell studiekompetanse til enkelte utdanningar går også fram av § 3-4 bokstav a, §§ 3-10 og 3-12.

#### *Forslag frå Unit*



Unit viser til at sidan fullført og bestått fagskuleutdanning no gjev generell studiekompetanse er det ikkje lengre naudsynt å regulere eigne unntak for søkjarar som har fagskule i tekniske fag. Unit meiner difor at § 3-4 bokstav b) kan endrast slik at det ikkje lengre vises til nyare godkjend 2-årig fagskuleutdanning i tekniske fag her. Når det gjeld 2-årig fagskuleutdanning etter studieordningar før rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999 meiner Unit at det no er såpass lenge sidan denne ordninga gjaldt, og at ein ikkje har spesielt mange søkjarar som er kvalifisert på denne måten, at det kan fjernast frå kapittel 3 og berre gå fram av kapittel 9 om overgangsordningar.

### **§ 3-10. Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til matteknologi**

### **§ 3-12. Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til nautikk ved UiT Norges arktiske universitet**

#### *Gjeldande rett*

Sjå omtale av gjeldande rett til § 3-4 over.

#### *Forslag frå Unit*

Unit meiner at ordninga om å unntak frå kravet om generell studiekompetanse for søkjarar som har bestått 2-årig fagskuleutdanning etter studieordningar før rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999 kan flyttast til kapittel 9 om overgangsordningar.

## **KAPITTEL 4. SPESIELLE OPPTAKSKRAV**

### **§ 4-2. Spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veterinærfag**

#### *Gjeldande rett*

I føresegna § 4-2 er det fastsett spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veterinærfag. I føresegna er det i andre ledd krav at det for opptak til Bioingeniørutdanning, farmasi (bachelor) og ernæring ved UiT må søkjarane dokumentere matematikk R1 eller matematikk S1 og S2, fysikk 1 og kjemi 1 og 2 for å vere kvalifisert.

Etter § 4-2 fjerde ledd har andre bachelorstudium i farmasi krav om matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og kjemi 1 og anten fysikk 1 eller biologi 1 eller kjemi 2

Etter sjetten ledd i føresegna har ernæringsstudium (bachelor) krav om matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, fysikk 1 og kjemi 1 og kjemi 2.

Etter forskrifta har altså både bachelor i farmasi og ernæringsstudium ved UiT eigne opptakskrav som skil seg frå krava for opptak til tilsvarande utdanningar ved andre institusjonar.

#### *Forslag frå Universitetet i Agder (UiA)*

UiA ønskjer å fjerne det spesielle opptakskravet for søkjarar til bachelor i ernæring. UiA



søkte i 2015 om å få innført dette opptakskravet til ernæring, men ønskjer no å gå tilbake til at generell studiekompetanse er tilstrekkeleg for å vere kvalifisert. UiA viser til at dei har evaluert studieprogrammet og komme til at studieprogrammet bør skilje seg meir frå andre ernæringsstudium og bli meir samfunnsretta. Studiet skal no ta «utgangspunkt i samfunnets rolle i å muliggjøre god ernæring på ulike arenaer og i ulike befolkningsgrupper». På den bakgrunn meiner UiA det ikkje lengre er naudsynt at søkjarane har den same bakgrunnskunnskapen frå realfag.

#### *Unit si vurdering*

Unit og KD har som overordna prinsipp at like studium bør ha like opptakskrav, då det blir vanskeleg og uoversiktleg for søkjarar å orientera seg når like studium har ulike opptakskrav.

Samstundes viser UiA til at dei har endra innhaldet i studiet og gjort det meir samfunnsretta. Unit si vurdering at sidan studiestadane har svært ulike erfaringar frå opptak til ernæring, talar dette for at studiane har forskjellige opptakskrav. Unit antek at dei ulike erfaringane også skuldast at ernæringsutdanningane ved dei ulike studiestadane også er ulike i innhald og læringsutbytte. Ut frå argumentasjonen til UiA kan det verke som at det nye studiet dei tilbyr ikkje lengre kan samanliknast med studiet som for eksempel UiT – Noregs arktiske universitet tilbyr. Unit meiner difor UiA bør vurdere å endre namn på studiet, slik at det tydeleg kommer fram kva slags kompetanse studiet gir. I tillegg vil ei slik namnending gjere det forståeleg at studiet ikkje lengre er omfatta av føresegna i § 4-2 sjette ledd, men berre har krav om generell studiekompetanse. For å gjere dette enda tydlegare foreslår Unit å endre sjette ledd, slik at føresegna konkret nemner dei utdanningane som har det spesielle opptakskrava.

#### *Forslag frå UiT Noregs arktiske universitet (UiT)*

UiT og Unit har foreslått ei opprydding i føresegna. Andre ledd er ikkje oppdatert, då UiT ikkje lenger har krav om at søkjarane må dokumentere matematikk R1 eller matematikk S1 og S2 og enten fysikk 1 eller kjemi 1 for opptak til ernæring. Dei har i staden nytta det alminnelege kravet om matematikk R1 eller matematikk S1 og matematikk S2, fysikk 1 og kjemi 1 og kjemi 2 som følgjer av sjette ledd. «og ernæring ved UiT» kan derfor strykast frå andre ledd.

#### *Unit si vurdering*

Unit viser til prinsippet omtala ovanfor om at like studium bør ha like opptakskrav. I tillegg er dette forslaget naudsynt som følgje av at føresegna ikkje er korrekt slik ho står no.

### **§ 4-4. Spesielle opptakskrav til ingeniørfag og teknologiske fag**

#### *Gjeldande rett*



Krava som gjeld for opptak til 3-årig ingeniørutdanning går fram av § 4-4 fjerde ledd. Etter bokstav c), så gjeld ikkje det spesielle opptakskravet i matematikk og fysikk for søkjarar «med generell studiekompetanse eller bestått nyare godkjent to-årig teknisk fagskule i tekniske fag som blir tekne opp til treterminordning».

#### *Forslag frå Unit*

Unit meiner at visinga til søkjarar med generell studiekompetanse er misvisande her. Det som fritek søkjarane frå kravet er ikkje at dei har generell studiekompetanse eller nyare teknisk fagskule, men at dei har fått opptak til treterminordninga. Unit foreslår difor å endre denne føresegna slik at dette blir tydelegare.

### **§ 4-5. Spesielle opptakskrav til økonomiske og administrative fag**

#### *Gjeldande rett*

Opptaksforskrifta § 4-5 gjeld opptak til enkelte økonomiske og administrative fag. Her er det mellom anna krav om matematikk R1 eller matematikk S1 og S2 for opptak til integrerte masterstudium i økonomi og leiing ved Handelshøyskolen BI. Dette kravet gjeld berre for opptaket til studieåret 2021-22.

#### *Forslag frå Handelshøyskolen BI*

Handelshøyskolen BI oppretta i 2019 eit bachelorstudium med namnet «Bachelor in Business Analytics» Studiet er eit engelskspråkleg bachelorstudium, som er teknologisk retta. BI oppgjer at dei erfarer at studentar utan tilstrekkelege forkunnskapar i matematikk, slit med å gjennomføre studiet. Dei ønskjer difor å innføre eit krav om at søkjarane må kunne dokumentere matematikk R1 eller matematikk S1 og matematikk S2 for å vere kvalifisert til dette studiet. I tillegg ønskjer dei å innføre kravet om matematikk R1, eller matematikk S1 og S2 som permanent krav for dei integrerte masterstudia i økonomi og leiing.

#### *Unit si vurdering*

Unit meiner at spesielle opptakskrav skal fastsettast der ein ser at det er behov for at studentane har bestemte forkunnskapar frå vidaregåande opplæring for å lukkast på studiet. Handelshøyskolen BI viser til at dei meiner det er naudsynt at studentane har forkunnskapar i matematikk R1 eller matematikk S1+ og S2 for å vere tilstrekkeleg førebudde på studiet. BI skriv vidare at «Bachelor in Business Analytics» skal skifta namn frå studieåret 2022/23 til «Bachelor of Data Science for Business».

Unit visar til vurderingane frå Handelshøyskolen BI, og tilrår at dei får innføre krav om at søkjarane må dokumentere matematikk R1 eller matematikk S1 og S2. Sidan Handelshøyskolen BI allereie har varsla søkjarane sine om at opptakskravet for dei integrerte masterstudia skal innførast, så kan det gjelde frå og med opptak til studieåret 2022-23.

Handelshøyskolen BI har ikkje nemnd i søknaden kva for føresegn opptakskravet til Bachelor of Data Science for Business høyrer heime i. Unit har ikkje kjennskap til studiet frå tidlegare, men legg til grunn at det er ei form for økonomisk eller administrativt fag, og at det difor bør bli regulert i opptaksforskrifta § 4-5.



## § 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

### *Gjeldande rett*

Det følger av § 4-8 at det kan fastsettest spesielle opptakskrav for opptak til engelskspråklege utdanningsprogram. NMBU har hatt krav om karakteren fire eller bedre som ei prøveordning for opptak til sine engelskspråklege studieprogram, og dette er no permanent saman med tilsvarande krav hos Menighetsfakultetet, UiT og Universitetet i Sørøst-Noreg. BI har fått løyve til å nytte eit tilsvarande opptakskrav for sine engelskspråklege bachelorprogram for eit studieår (2021-2022).

### *Forslag frå Handelshøyskolen BI*

Handelshøyskolen BI har sendt inn forslag om å få dette opptakskravet som eit permanent opptakskrav for opptak til Bachelor of Business Administration og Bachelor of Business analytics. Dei viser til at søkjarar utan tilstrekkelege engelskkunnskapar slit med å gjennomføre studiet. Vidare peiker dei på at dette opptakskravet allereie er nytta som eit permanent opptakskrav ved andre studiestader.

### *Unit si vurdering*

Unit støttar at Handelshøyskolen BI får innføre krav om karakteren 4 -fire- eller bedre for opptak til desse studia. Unit ser at det for engelskspråklege studieprogram kan vere eit behov at studentane har visse grunnleggjande ferdigheiter i engelsk ut over kva som skal til for å få generell studiekompetanse. Sidan kravet også tidligare har vort varsla som ei midlertidig ordning, meiner Unit at det endringa kan tre i kraft som ei permanent endring frå opptaket til 2022-23.

## § 4-9. Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag

### *Gjeldande rett*

Det er i § 4-9 lista opp spesielle opptakskrav i form av opptaksprøve til forskjellige kunstfaglege utdanningar. Det er institusjonane sjølve som fasett reglane for opptaksprøvene.

### *Forslag frå Universitetet i Sørøst-Noreg (USN)*

USN ønskjer å innføre opptaksprøve for følgjande utdanningar:

- årsstudium i blues,
- årsstudium i Norwegian folk music,
- årsstudium i instrumentmaking
- årsstudium i utøvande folkedans

### *Unit si vurdering*

Unit støttar at USN får opptaksprøve for desse studia. Unit meiner at årsstudium i blues,



årsstudium i Norwegian folk music og årsstudium i utøvande folkedans allereie er omfatta av føresegna bokstav a) og b), som anten ei scenekunstutdanning eller som studium i utøvande eller skapande musikk. Årsstudium i instrumentmaking er ikkje omfatta av gjeldande føresegn og må bli lagt til som ein ny bokstav, bokstav o).

#### **§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag**

##### *Forslag frå OsloMet - Storbyuniversitetet*

OsloMet har sendt søknad om å få innføre krav om opptaksprøve for opptak til bachelorstudiet i teiknspråk og tolking. Opptaksprøva skal nyttast som grunnlag for kvalifisering i tillegg til krav om generell studiekompetanse. Dei ønskjer å innføre kravet for ei avgrensa periode på 4 år, frå og med opptaket til studieåret 2022-2023 til og med opptaket til studieåret 2025-2026

##### *Unit si vurdering*

Unit meiner at spesielle opptakskrav skal fastsettast der ein ser at det er behov for at studentane har bestemte forkunnskapar for å lukkast på studiet. OsloMet har allereie opptaksprøve som krav for opptak til bachelor i tolking i offentlig sektor. Unit meiner likevel ikkje at ein bør nytta prøveordning for dette studiet, og at forslaget difor eventuelt skal vedtakast som ei permanent ordning.

##### *Forslag frå Unit*

Paramedic ved NTNU (studiestad Gjøvik) er ikkje ei grunnutdanning, og Unit meiner difor at dette bør strykast, jf. § 1-1 opptak til grunnutdanningar.

### **KAPITTEL 7. RANGERING AV SØKJARAR VED OPPTAK**

#### **§ 7-1. Generelt om rangering og kvotar**

##### *Gjeldande rett*

Føresegna regulerer korleis søkjarar skal rangerast. Etter femte ledd i føresegna kan ein tilby søkjarar studieplass utan omsyn til desse reglane ti dagar etter studiestart.

##### *Forslag frå Unit*

Unit viser til at ein i dag ikkje nyttar rangeringsreglane for tildeling av studieplassar på «Ledige studieplassar» (tidlegare kalla «Restetorget») etter at hovudopptaket er gjennomført. For å få opptak til Ledige studieplassar, må ein vere kvalifisert til studiet ein søker på, og ein får tilbod om studieplass så lengje det er opent for å søkje opptak til studiet. I dag går det ikkje fram av forskrifta at ein kan sjå bort frå reglane om rangering etter at hovudopptaket er køyrd. Unit meiner det bør gå fram av forskrifta, og foreslår difor eit nytt femte ledd, samt at ein flyttar det som i dag er femte ledd til eit nytt sjette ledd.



## § 7-12. Rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast

### *Gjeldande rett*

Reglane om korleis ein kan rangere søkjarar som ikkje kan poengbereknast følgjer av opptaksforskrifta § 7-12. Dette gjeld mellom anna for søkjarar som er kvalifisert på bakgrunn av realkompetanse eller fagskule, og søkjarar med vidaregåande opplæring frå land der Samordna opptak ikkje har vedteke ein omrekningstabell, i tillegg til søkjarar med ei blanding av ulike kvalifiseringsgrunnlag.

Desse søkjarane skal få ei skjønsmessig individuell vurdering, jf. første ledd, men der ein også tek omsyn til «om søkjaren har eit opptaksgrunnlag og ein fagsamansetnad som er likeverdig med det som gir grunnlag for tilleggspoeng for realfag/framandspråk for søkjarar som kan poengbereknast».

### *Forslag frå Unit*

Unit viser til at det ikkje berre vurderast om desse søkjarane kan få real- og språkpoeng, men at desse søkjarane også får andre tilleggspoeng, som alderspoeng, kjønns-poeng og poeng for førstegongsteneste, høgare utdanning, fagskuleutdanning eller folkehøgskole på lik linje med andre søkjarar. Unit meiner dette også bør gå fram av føresegna.